



«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 12.10.2016
Vår ref.: 2014/1512-50
Saksbehandlar: hanengu
Dykkar ref.: «REF»

«KONTAKT»

Orientering om vedtak av Regional plan for areal- og transport på Haugalandet

Regional plan for areal- og transport på Haugalandet vart vedteken av Fylkestinget i Hordaland i deira møte 05.10.2016. Vedtaket er i samsvar med vedtaket som vart fatta i Rogaland fylkesting i juni 2016. Fylkestinga vedtok også at planen skal bli evaluert hausten 2018.

Planen er eit viktig reiskap for utvikling av Haugalandsregionen. Planen skal i følgje plan- og bygningslova § 8-2 bli lagt til grunn for regionale organ si verksemd og for kommunal og statleg planlegging og verksemd i regionen. Planen inneheld og regional planføresegn for handel med heimel i § 8-5.

Plandokumentet og saksprotokollar kan ein finne på Hordaland fylkeskommune sine [nettsider](#).

Hordaland fylkeskommune vil takka alle som har bidrege i planprosessen og samstundes oppmode alle om å bruke planen aktivt. Fylkeskommunane vil invitere kommunane og statlege etatar til samarbeid om vidare oppfølging av planen.

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Hans-Christian Engum
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
KOMMUNAL- OG MODERNISERINGSDEPARTEMENTET
ROGALAND FYLKESKOMMUNE